



NVE v/Auen Korbøl


DYKKAR REF:	VÅR REF:	SAKSHANDSAMAR:	ARKIVKODE:	DATO:
	2012/658 - 14	Jørn Trygve Haug	S10	29.08.2013

Osane kraftverk - vurdering av villreininteressene i området

Syner til mail datert 21.8.2013 der det vert bedn om informasjon vedkomande villreinen sin bruk av det aktuelle området. Saka vart drøfta i arbeidsutvalet i villreinnemnda 28.8.2013.

Som Suldal kommune peikar på ligg området i nasjonalt villreinområde jamfør Heiplanen. Vi syner til kap. 2.10 og 2.10.1 vedk. retningslinjer for desse områda.

Villreinen har tradisjonelt nytta områda til vinterbeite samt sommarbeite for bukk. Dei har og vore nytta av fostringsflokkar men i liten grad dei seinare åra. Kartutsnitt under er henta frå naturbasen (www.miljodirektoratet.no). Her synast mellom anna trekkvegen mellom Botnavatnet og Sveinstølvatnet/Kviavatnet.



Villreinen sin bruk av dei aktuelle områda har vore meir sporadisk dei seinare åra men dette er forhold som kan endra seg over tid. Områdebruken må difor vurderast i eit langsiktig perspektiv. I ljøs av dette delar vi fullt ut Suldal kommune sine innvendingar slik dei kjem fram i deira uttale til konsesjonssøknaden.

Eg er ikkje kjend med at nemnda har hatt denne saka til uttale tidlegare. Nyttar difor høvet til å minne om at villreinnemnda er høyringsinstans i saker der villreininteressene vert råka.

Med helsing

Jørn Trygve Haug
sekretær

Kopi sendt på epost til:
Suldal kommune
Arbeidsutvalet i villreinnemnda